

Søknad

| | | | | |
|---------------|--|-----------|------|----------|
| Søknadsnr. | 2017-0253 | Søknadsår | 2017 | Arkivsak |
| Støtteordning | Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017 | | | |
| Prosjektnavn | Framtidsfylket karrieremesser 2018 | | | |

Kort beskrivelse

Framtidsfylket søker om støtte til å arrangere fylkesdekkande karrieremesser i Trondheim og Bergen i 2018. Målsetninga er å synleggjere karrieremoglegheiter i Sogn og Fjordane til unge vaksne for å auke tilflyttinga til fylket.

Prosjektbeskrivelse

Framtidsfylket AS

v/ Gro Rukan

Naustdalsvegen 1B

6800 FØRDE

Sogn og Fjordane Fylkemann

V/ Næringsavdelinga

Førde, 10. oktober 2017

Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2018

Bakgrunnsinfo

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Målsettinga er å vise fram karrieremogleheitene i arbeidslivet i Sogn og Fjordane. Responsen har i alle år vore bra, og messene er innarbeid som ein viktig møteplass mellom studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har sidan oppstart vore ekstremt viktige støttespelarar. Framtidsfylket er sær takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim vekse i storleik, medan messa i Oslo ikkje har vore like enkel å rekruttere publikum til. Messa i Bergen er den største, og vil nok alltid vere den aller viktigaste for dei fleste bedriftene frå fylket. Som resultat av arbeidet med karrieremesser er det årleg fleire verksemder som rapporterer om tilsettingar. Karrieremessene er også viktige å sjå i samanheng med at Framtidsfylket Trainee har vekse til å bli det største regionale traineeprogrammet i Noreg. I 2017 har 22 bedrifter tilsett 27 traineear. Mange av årets traineear og tidlegare traineear rapporterer at dei møtte sin arbeidsgjevar på ei våre karrieremesser og/eller fekk viktig kjennskap til traineeprogrammet gjennom messene. Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det lite tvil om.

Marknadsføring

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa, og vi har etterkvert opparbeid mykje erfaring på dette området. Evalueringa vår viser at sjølv om vi kjøper annonseringstenester, så er det sosiale medium, eigne e-postlister og «jungeltelegrafen» som er aller viktigast. Vi kjem til å ha stort fokus på å perfeksjonere oss på sosiale media, samstundes som vi fortsatt vil kjøpe litt annonsering internt i eige fylket og i nokre utvalde studentkanalar.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet med tanke på deltaking av bedrifter, og spreiing av invitasjonar i nettverk. Vi jobbar heile tida for å skape ei brei forståing hos verksemdene i Sogn og Fjordane om at karrieremessene er ”deira arrangement”. Karrieremessene og Framtidsfylket er fortsatt eit viktig samhandlingsprosjekt for profilering av og tilflytting til fylket vårt.

Arrangementa 2018

Magasinet #Utanfilter kom ut for første gong til karrieremessene i 2016. Eit moderne høgkvalitetsmagasin om Sogn og Fjordane som skal skape stoltheit og få folk til å få lyst til å ta del i framtida til fylket. Vi har fått mykje positive tilbakemeldingar på dei 2 første magasina og på kampanjen #beasognandfjording. Utgåve nr 3 kjem til karrieremessene i 2018.

Gründermuleheitene i Sogn og Fjordane er viktig å løfte fram, og vi ønskjer å tilrettelegge for dette på karrieremessene slik vi har gjort tidlegare. Det er viktig at vi i Sogn og Fjordane marknadsfører kva fordelar ein har ved å etablere seg i fylket vårt.

I 2018 gjer vi nokre viktige justeringar i gjennomføring av messene.

- 1) Vi set Oslo på pause eit år med bakgrunn i därleg publikumstal i 2017. NB! Det betyr ikkje at ein viktig by som Oslo er skrinlagt for godt, men vi meiner det er rett å bruke litt ekstra tid på å finne ut korleis vi skal arrangere ein slik møteplass i Oslo. Erfaring frå alle år er at denne byen skil seg ut mhp publikum.
- 2) Vi skal arrangere eit 90 minutters miniseminar i forkant av karrieremessene. Vi har invitert inn 7 dyktige føredragshaldarar frå ulike bransjar i fylket som kvar får 10 min til å presentere og begeistre! I tillegg kjem Kjartan Lauritzen for å underhalde. Etter dette vert det 2 timer mingling med ordinært messeoppsett. På denne måten reknar vi med å skape enno meir kunnskap og nysgjerrigkeit om vårt næringsliv.

Vi kjem til å servere litt mat og drikke slik som før. Sist, men ikkje minst legg vi til rette for ein kveld med god mat og drikke for alle standhaldarane i Bergen etter messa i Grieghallen. Denne nettverkssamlinga er populær og også ein viktig arena for å bygge kjennskap på tvers av bedrifter.

Datoane og lokalval i 2017

Trondheim - Scandic Lerkendal - 25. januar,

Bergen - Grieghallen - 13. februar,

Samarbeidspartnarar

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har det administrative arbeidet for å planlegge dette, men vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionråda, Kunnskapsparken, Innovasjon Norge, kommunane, utviklingsselskap og næringsliv slik at alle har eigarskap til korleis vi profilerer fylket.

Midlar

For å kunne realisere profileringsmessene til Sogn og Fjordane er det naudsynt å lage til eit spleislag slik som tidlegare år. Den totale budsjetttramma for Trondheim og Bergen i 2018 inklusiv magasinet #utanfilter er på 1.810.750 kroner. Storparten av finansieringa for dette kjem frå standhaldarar gjennom deira betaling av standavgift. I tillegg søker prosjektet midlar frå alle 4 regionar og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Framtidsfylket meiner det er viktig å oppretthalde innsatsen på desse etter kvart tradisjonsrike karrieremessene. Dei er viktige for næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med tanke på framtidige utfordringar i forhold til rekruttering.

Framtidsfylket søker med dette Sogn og Fjordane Fylkeskommune om kr 250.000,- i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Trondheim og Bergen 2018.

Med venleg helsing,

Gro Rukan

Dagleg leiar

Vedlegg:

Budsjett karrieremesser 2018

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|----------------------|---------------------------------------|---------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Framtidsfylket AS Org.nr:992403896 | Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE | 91321392 |
| Kontakt-person | Gro Rukan | Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE | 91321392 |
| Prosjekt-leder | Gro Rukan | Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE | 91321392 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Framtidsfylket har fått støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til

1) Karrieremesser kvart år siste 3 åra.

2) I tillegg har vi motteke støtte til å produsere eit magasin som på ein god måte formidlar spennande bu- og arbeidslivsstoff frå Sogn og Fjordane både til dei som bur i fylket, og til potensielle tilflyttarar.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn og Fjordane har dårlig folketalsutvikling, og vi treng å få fleire til å bu og arbeide i Sogn og Fjordane.

Prosjektmål

Auke tilflyttinga til Sogn og Fjordane ved å:

- 1) synleggjere karrieremoglegheitene for nytdanna betre.
- 2) skape stoltheit om eige fylke for dei som er frå Sogn og Fjordane
- 3) vise eit attraktivt bu- og arbeidsfylke

Auka medvit om kva fylket kan tilby er viktig for at Sogn og Fjordane skal bli valgt når unge vaksne vel kor dei skal etablere seg.

Forankring

Karrieremessene er godt forankra både på fylkeskommunalt plan og i regionane. Messene i 2018 er dei 12 i rekka, og karrieremessene har etterkvert etablert seg som ein tradisjonsrik møteplass både for målgruppa, og for bedriftene som deltek.

Prosjektorganisering

Framtidsfylket administrerer arbeidet med å planlegge og tilrettelege for karrieremessene.

Samarbeidspartnere

Regionråda, bedriftene, næringselskapa, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken, Fylkeskommunen og kommunane er alle viktige støttespelarar i arbeidet med karrieremessene.

Aktiviteter

2 karrieremesser med standar, plenumsseanse og sosiale nettverksarenaer. Samt tillaging av informasjonsmateriell og magasinet #utanfilter som alle i fylket også kan nytte seg av i etterkant.

Målgrupper

Unge vaksne som er under utdanning eller i etableringsfase.

Resultat

Som resultat av messene har vi forventningar på både kort og lang sikt.

- 1) Tilsettingar hos dei bedriftene som deltek,
- 2) Større søkermasse på traineestillingane
- 3) Meir merksemd på moglegheitene i Sogn og Fjordane frå målgruppa på lang sikt.

Effekter

Meir merksemd, høgare stoltheit, auka tilflytting, og høgare folketal. (på lang sikt)

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Årshjulet med å planlegge dei årlege karrieremessene er i gang, men arbeidet har høgsesong i frå november til ut mars. Då skal alle bedriftene bedriftspåmeldingar inn, skape blest og engasjement, lage materiell, programmere innhald osv. Etter siste messa vil det sendast ut eit evalueringsskjema, før vi vår 2018 lagar ein sluttrapport.

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|----------|------------------|------|------|------|------------------|
| Administrative utgifter | | 475 000 | | | | 475 000 |
| Bergen 13 feb 2018 - Arrangement seminar og artist | | 175 000 | | | | 175 000 |
| Bergen 13 februar 2018 - lokalleige og servering | | 308 500 | | | | 308 500 |
| Marknadsføring og innhaldsproduksjon | | 555 000 | | | | 555 000 |
| Trondheim 25 jan - Arrangement seminar og artist | | 140 000 | | | | 140 000 |
| Trondheim 25 jan 2018 - lokalleige og servering | 0 | 157 250 | | | | 157 250 |
| Sum kostnad | 0 | 1 810 750 | | | | 1 810 750 |

I posten Marknadsføring og innhaldsproduksjon, så ligger også kjøp av tenester knytt til å lage Magasinet #utanfilter utgåve nr 3. Dette Magasinet har alltid vore produsert til messene, men vi har sendt separat søknad på denne tidlegare. I år er dette lagt inn i ein samla søknad for karrieremessene sidan Magasinet har sin hovudmisjon retta mot målgruppa der.

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|------------------|-----------|------|------|------|------------------|
| | | | | | | 0 |
| Eigendel bedriftene som har stands | | 1 320 750 | | | | 1 320 750 |
| Regionråda 4X60 000 | | 240 000 | | | | 240 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017 | | 250 000 | | | | 250 000 |
| Sum finansiering | 1 810 750 | | | | | 1 810 750 |

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---|--------------|------------|
| Budsjett karrieremesser 2018 Trh Bergen.pdf | 247 837 | 25.10.2017 |